



FORTIDSMINNEFORENINGA

The Society for the Preservation of Norwegian Ancient Monuments

Sogn og Fjordane avd., Postboks 437, N-6853 Sogndal

Kultur-og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

15.04.2009

HØYRINGSFRÅSEGN ” PÅ LIVETS VEI. PILGRIMSMOTIVET – ET NASJONALT UTVIKLINGSPROSJEKT”

Vi syner til brev av 16.03.09, ref 2009/01174 KIA POG.

Styret i Fortidsminneforeningen, Sogn og Fjordane avdeling, er kjende med utgreiinga ”På livets vei. Pilgrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt”.

Vi meiner at utgreiinga har for sterkt og for einseitig fokus på Sankt Olav og Nidaros som pilgrimsmål, likeins at pilgrimsleiene gjekk over land. Ferdsla med båt var den tid den vanlegaste og sikraste måten å ta seg fram på. Dette galdt også for pilgrimane.

Pilgrimsmålet Selja ligg sentralt i kystleia og dette kjem lite fram i utgreiinga. Selja var den tid det viktigaste religiøse senter på Vestlandet. Då Olav Kyrre kring 1068 delte landet i tre faste bispedøme, valde han Oslo, Nidaros og Selja som bispesete. Pilgrimsmålet Selja var så viktig for kongen at han valde å leggje bispesetet der. Av same grunn kom klosteret på Selja nokre år seinare. Selja var eit av dei viktigaste pilgrimsmåla i norsk mellomalder og tiltrekte seg pilgrimar frå inn og utland. Dette er ikkje nemn noko om i utgreiinga.

Frå historia kjenner vi til at Selja var den første norske helgenstad og det første pilgrimsmålet då kong Olav Trygvason i år 996 gjorde kjent at det var funne heilage bein på Selja. Sankt Sunniva var den første norske helgen. Ho er også den einaste kvinnelege norske helgen. Sankt Sunniva var skytsengel for Bergen og Vestlandet og ho vart dyrka over heile Norden.

Selja vart bispesete kring år 1068 samtidig med Oslo og Nidaros. Heile Vestlandet, frå Sunnmøre til og med Agder, låg under bispen i Selja. I 1170 vart bispesetet flytta til Bergen.

/2

Kring år 1100 fekk Selja eit benediktinarkloster som ein trur er det første i landet. Ruinanlegget er det største i landet, og Riksantikvaren løyver kvart år millionsummar til vedlikehald og skjøtsel av Selja kloster og helgenanlegg.

Ingen andre stader i landet finn ein dei tre funksjonane pilgrimsmål , bispesete og kloster samla så tett i same anlegg som på Selja.

Seljumannamesse 8. juli er den eldste norske merkedagen og er nemnd i dei eldste utgåvene av Gulatingslova, Frostatingslova og Eidsivatingslova. Seljumannamesse var del av kristenretten som kong Olav Haraldson innførte på Moster i 1024 medan han enno var konge og før han vart helgenkåra som Olav den heilage. For pilgrimar som reiste sjøvegen frå Bergen til Olsokfeiringa i Trondheim 30. juli, var Selja og Seljumannamesse ein kjærkomen stoppestad.

Selja er framleis eit viktig pilgrimsmål, og mange av dei tilreisande reknar seg som pilgrimar.

Etter vår vurdering gjev utgreiinga inntrykk av at Trondheim er det viktigaste pilgrimsmålet i landet. Dette er vi usamde i, og ønskjer såleis at Selja blir likestilt som viktig pilgrimsmål når det gjeld ressursbruken i pilgrimssatsinga.

Vi skulle ønskje at Selja fekk sitt eige pilgrimssenter med pilgrimsprest. Sidan Selja var den viktigaste stoppestaden i pilgrimsleia langs kysten må det setjast av ressursar til forskning og dokumentasjon. Dette gjeld også støtte til marknadsføring om pilgrimsleia..

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.
Ta gjerne kontakt om det er spørsmål.

Vennleg helsing

Fortidsminneforeninga
Sogn og Fjordane avdeling

Ragnhild Mork
leiar